



Julekveld

i kyrkjelyden

Nr 7 | 2022 | 81. årg



Neste nummer av
Kyrkjennytt kjem
medio februar. Frist
for melding om
stoff er torsdag 26.
januar. .



Om Jolekveld i Kyrkjelyden:

Jolekveld i Kyrkjelyden vert, i likheit med Kyrkjennytt, utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Jolekveld i Kyrkjelyden vert gjeve ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss Herad.



Kyrjekontoret på Voss:

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Besøksadresse: Uttrågata 5
Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.
Telefon: 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no
E-post: post.voss@kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse
tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no
Kontorleiar Vibeke Lemme Rasdal
tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik
tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post ak649@kyrkja.no
Diakon Sigrid Djukastein Mala
tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Anja Slåtten
tlf 417 04 958. E-post as257@kyrkja.no
Ungdomsprest Vetle Leksbø
tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no
Kantor Astrid Gjestvang
tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no
Organist Frode Vik , tlf 952 62 084.
Organist Ellen Marie Selland Geithung
tlf 980 64 594.
Organist Edyta Bryk, tlf 954 30 695.
Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun
tlf 481 36 520
Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt
tlf 934 46 884
Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik
tlf 414 75 383
Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt
tlf 468 98 970
Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond Olav Neteland, tlf 957 02 327
Gravar Vidar Bryn, tlf 996 00 940
Arbeidsleiar for kyrkjegardane Hege Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjennytt

Randi Kløve
tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen og Lene Brunborg.



Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

tlf 954 50 572. E-post hk782@kyrkja.no

Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prostiprest Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post mh977@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,
tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete og illustrasjonar:

Stjerner frå Vecteezy.com.

Bilder frå Unsplash.com

S. 21 og 27 - pixabay.com

 Gravplass i Voss

**Gravplassadministrasjonen
i Voss herad har kontor i
Uttrågata 5 (Kyrkjetunet).**

Tlf 56 52 38 80.

E-post post@gravplassivoss.no

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.



Innhald

- S 4 Høggravid og på flukt
- S 6 30 år på Voss - eit intervju med
Rønnaug Eng Skjeldal
- S 10 Jolehelsing frå prosten
- S 11 Bornas sider
- S 16 Joleevangeliet
- S 18 Jolehelsing frå biskopen
- S 19 Misjonsprosjektet
- S 22 Konfirmantar 2022
- S 30 Kyrkjelege handlingar
- S 31 Gudstenesteliste

Jolekonkurranse!

Kor mange slike stjerner finn du i dette bladet?



Send svaret på e-post til **rk858@kyrkja.no**

og vær med i trekninga av ein premie! (Borna kan gjerne skrive alderen sin, så vert premien tilpassa alderen. Dei vaksne skal sleppe å fortelje alderen sin.) Me treng namn, (alder,) og adresse.

Alle som deltek er med i trekninga, uansett om du svarar rett eller feil!

Premien vert trekt tidleg i januar, og vinnaren får namnet sitt i neste nummer av Kyrkjennytt!

Jolehelsing frå Redaktøren

På baksida av bladet finn du salmen "Mitt hjerte alltid vanker". Salmen vart skriva av den danske biskopen Hans Adolph Brorson rundt 1730. Opprinneleg har salmen heile 11 vers, men dei tre du ser på baksida er dei mest vanlege å synge.

Eg er glad i mange jolesalmar, men denne kjem nok høgst opp på lista. Kan hende fordi den så enkelt seier noko om kva som er viktig no i jola. Det handlar om det vesle barnet som vart fødd i ein stall. Det er godt å hugse på kvifor me feirar jol.

Eg ynskjer kvar og ein av dykk ei fredeleg og fin jolefeiring.

Redaktøren



Høgggravid og på flukt



Tekst og foto: Kirkens nødhjelp

Katerina frå Odessa flykta frå den grufulle krigen med babyen i magen. - Det einaste eg ber om, er å føde i tryggleik, seier ho.

Ho hugsar godt den dagen krigen starta. Det var seint, og ho hadde lagt seg for kvelden. Brått blei ho riven ut av søvnen og vakna av kraftige skot.


- Eg visste ikkje kva som skjedde, og det var først morgonen etter at vi forstod at krigen hadde starta, fortel Katerina då vi møter henne på eit flyktningsenter i byen Lasi i Romania.

Frykta for barnet i magen

Nokre dagar seinare tok ho og familien den tunge avgjerda om å forlate Ukraina og kome seg i tryggleik. Med barnet i magen, som ho ville verne om for alt i verda, hadde ho dei siste dagane før flukta fleire gonger måtta søkje dekning i bomberom då sirenene byrja å ule.

- Eg fekk panikk og ville berre få babyen i magen i tryggleik. Eg klarte ikkje å slappe av før vi kryssa grensa, fortel Katerina.

Flukta tok henne hit til senteret i Lasi. Her får ho tryggleik, mat og omsorg. Det er godt å vite at ho no får all den hjelpa ho treng for å føde barnet sitt i trygge omgivnader. Her treng ho ikkje å frykte bomber og granatar frå krigsherjingane i heimlandet. På senteret heri Lasi bidrar Kirkens Nødhjelp med mellom anna mat og senger og med førebyggjande tiltak mot menneskehandel.



Ein trygg fødsel

Katerina flykta frå krigen saman med mora, tanta og katten sin. Faren til den komande babyen måtte bli igjen i heimlandet. No sørgjer han for at dei ukrainske soldatane får matforforsyningar, men skulle situasjonen krevje det, blir han òg send til fronten.

Men først og fremst er Katerina takksam for at ho er i tryggleik her på senteret i Romania, og for at ho kan føde barnet sitt i trygge omgivnader.

- Eg vil reise heim igjen, men eg veit ikkje når det blir mogleg. Byen min har blitt øydelagd og må byggjast opp igjen. For meg er trygge omgivnader for barnet mitt det aller viktigaste no, seier Katerina.

Vi skal snart feire jul, i takksemnd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødelegheita var høg. Jesus overlevde spedbarnstida trass i den urolege verda han blei fødd inn i.


2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under 5 år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødde i krig og konflikt, med vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse menneska. Vi kan vere med og gi nyfødde barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og sørgje for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Slik at fleire får fylle fem år.

SLIK GIR DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

Vipps eit valfritt beløp til 2426. Send ordet GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.
Gåvekonto: 1594 22 87248

Gi ei framtid i gåve!





30 år på Voss

I haust var det 30 år sidan Rønnaug kom til Voss. Korleis hamna ho her, og kven har æra for at me fekk behalde ho her?



Rønnaug Eng Skjeldal

Fødd: 03.04.66 på Sarpsborg sjukehus.

Jobb: Kateket, jobbar i Voss kyrkjelege fellesråd.

Familie: Gift med Magne Skjeldal, og har borna Kristian, Guro og Håvard.

Foto: Camilla Velsvik. Rønnaug på T5 i Vonheim, november 2022.

Vil du fortelje litt om oppveksten din?

Eg vaks opp på gard i Skiptvet med mor Bjørg, far Ole-Christian, bror Jon-Iver, søster Sissel. Eg er eldst av oss tre søsken. Me hadde kyr, gris, høner, hest, hund, katt og kaniner på garden.

Frå me var små var me med på det meste av gardsarbeidet. Første gong eg sat på traktor var eg alt for liten. Eg skulle halda rattet stødig slik at traktoren seig rett fram mellom høyballane. Då kunne far min lesse ballar og mor mi kunne stable på hengaren.

Me var med på både potesetting og poteopptaking. Bærplukking og eplehausten. I fjøset var me med og stelte dyra. Ein periode hadde me "eigen" hest

som me skulle både stelle og ri. Me måtte vera med på det meste av dyrestellet. Men grisane tok far min det meste med. Bror min og eg var avløyssarar i fjøset frå vi var 13 - 14 år. Då tok me det meste av dyrestellet anna kvar helg.

Me hadde skog å leike i. Høge tre å klatre i. Ein diger låve der me laga hytter i høyet og balanserte høgt oppe under taket. Me jamna gras i siloen og var av og til veldig lei av å jobbe. Eg hugsar eg sneik meg vekk med boka mi og lot som eg ikkje hørde at dei ropa på meg.

Bestemor Lilly budde i eit lite hus i tunet vårt. Der kunne me koma og gå nett som me ville. Ho hadde gjerne besøk av tantene

og onklane og syskenborna mine. Det var alltid stas å ha syskenborna å leike med. Me hadde indianarleir i skogen og overnatta i lag hos bestemor.

Laget (Norges kristelige student- og skoleungdomslag) var viktig for meg både på ungdomsskulen og på gymnaset. Ikkje minst leirane i vinterferie, påskeferie, på sommaren og på hausten var veldig kjekke.

Der fekk eg høyre mykje om Gud og der fekk eg gode vener.

Kva utdanning tok du?

Etter gymnaset var eg "Eittåring" i Laget. Eg jobba frivillig på Lagskontoret i Fredrikstad og fekk vere med å laga leirar og anna kjekt.

Då det året var over visste eg framleis ikkje kva yrke eg ville ha. Men eg hadde lyst til å jobbe med menneske og fekk jobb som pleieassistent på Lovisenberg sjukehus. Det kunne jo være at sjukepleie var tingen. Det var det ikkje. På ein av Lagsleirane hausten 1986 fekk eg tips om at

eg kanskje kunne bli kateket, noko eg aldri hadde høyrd om før. Men eg skjønna at det kunne likne på noko av det eg hadde gjort som "Eittåring". Hausten 1987 byrja eg på Menighetsfakultetet (MF) og i løpet av fem år med studier både på MF, Universitetet i Oslo og Oslo lærarskule var eg ferdig utdanna kateket.

Korleis hamna du på Voss?

Så skulle eg søkje jobbar. Planen min var å få jobb i nærleiken av Oslo og alle dei fine folkane eg kjende der. Så høyrde eg at det var ledig kateketstilling på Voss. Voss hadde eg vore innom eit par gonger og to av studievennene mine var frå Voss. Dei reiste stadig heim, så eg tenkte at Voss kanskje var ein fin stad å bu. Eg sende like godt søknad til Voss også etter å ha prata med både Ivar Molde og Knut Knudsen som var prestar her på den tida.

Så vart eg kalla inn til intervju rett over påske i 1992. Der møtte eg prest Ragnar Tesdal, kyrkjevergje Hans Soldal og nokre koselege soknerådsmedlemer. Eg hadde ei skikkeleg god følelse etter det intervjuet og rekna med at jobben var min. Og slik vart det.



Foto: Privat. Rønnaug (i midten med drillen i henda) jobbar på eit prosjekt saman med syskenborn.

Korleis var trua del av barndommen din?

Sundagsskule var ein naturleg ting å vera med på. Kl. 10 annakvar søndag vart me køyrd til Misjonshuset for å vera i lag med andre born og høyra forteljingar frå Bibelen. Dette var eg med på heilt til eg var konfirmant og etter det fekk eg vera med å hjelpa til. Noko eg gjorde til eg var ferdig på gymnaset.

Heime song mor mi gonattsong til oss alle tre. Min song var Kjære Gud eg har det godt. Eg hugsar ikkje når det tok slutt, men eg trur eg var rundt 13 og endeleg fekk eige rom.

Bestemor Lilly stappa folkevogn bobla si full av barneborn og reiste på leir om sommaren. Det var sikkert litt av eit syn når det taut seks ungar og ei bestemor ut av den vesle bilen. På leirane fekk me både bibelhistorie, songar og fellesskap med oss.

For meg har trua alltid vore ein naturleg del av livet. Og då eg kom på ungdomsskulen og fekk vere med i kor, Skulelaget og Kristen Ungdomsforeining vart eg i grunnen berre meir og meir sikker på at eg høyrer til hos Gud.



Foto: Avis Hordaland. Rønnaug på barnehagegudsteneste i Vangskyrkja i 1993. Olav Undeland som hadde rolla som sau.

Kvifor akkurat Voss?

At det vart Voss og ikkje Drammen er eg veldig glad for. Det var nok litt tilfeldig at det var her eg hamna. Eller kanskje heller **Gudfeldig**. Eg trur Gud hadde ein plan for meg der.



Kva tenkte du om Voss før du kom hit?

Før eg kom til Voss trudde eg som mange andre, at bygda låg høgt til fjells. Og eg tenkte nok at folk som kom herfrå trivdes så godt at dei alltid reiste heim så fort dei anne sjansen til det. Eg visste lite, men hadde vore på besøk hos ei venninne som jobba på Styve Gard. Eg hadde fått gå i fjellet og køyre på den gamle smale vegen til Evanger. Ein sommar var eg på biltur med ei anna venninne og var innom kjenningar på Voss. Eg visste litt om landskapet og veldig lite om alt det andre. Ja, også visste eg om nokre alpinistar og eit par skiløparar frå Voss. Dei to siste hadde eg ingen aning om at skulle bli svogarane mine.

Korleis har du klart å unngå vossadialekten?

Vossadialekta er noko for seg sjølv. Eg har ikkje sjans til å få til tonefallet.

Korleis var jobben i starten?

Eg var så godt motteken på Voss. Det vart ordna husvære i Speidarhuset (der Rogne barnehage er no). Eg fekk vera med i bibelgruppe med folk på min eigen alder. Staben i kyrkja besto av to organistar, klokkardiakon, kyrkjetenar og tre prestar. Møter med staben var ikkje vanleg i starten, men blei utvikla etter kvar.

Eg hadde ansvar for konfirmantar (det var ca 140 konfirmantar kvart år) med undervising i skuletida. Onsdagane var det timar i Vonheim heile dagen. Ragnar Tesdal, Ivar Molde og eg delte på timane. Dåpsopplæring var eit anna arbeidsfelt. Dette var før Trusopplæringsreformen så det gjekk i å dele ut bok til fireåringane og laga plan for andre årskull. Me laga ein kjempeflott plan som vart liggjande godt i ein skuff..

Eg var med i Refleks Ten Sing frå første hausten. Ein periode var eg til og med dirigent. Refleks var den gong ein ganske liten gjeng som fekk ein flokk konfirmantar med seg. I dag er eg skikkeleg glad for å jobbe i lag med Camilla og Randi frå det aller første konfirmantkullet mitt.

På Voss fann eg meg godt til rette frå første stund. Det var meininga at eg skulle vere her i tre år, sidan soknerådet trudde dei kunne løna meg dei åra. Heldigvis vart ting annleis etter kvart og eg fekk fast stilling.

Og så blei du værande på Voss. Korleis traff du mannen din?

Det er jo slik at sokneråda vert nye kvart fjerde år. I 1993 vart det vald nye folk inn. Ein av dei var Magne Skjeldal, bror til Knut som eg studerte i lag med og bror til desse to berømte skiløparane. Sidan Magne kom med i soknerådet vart me meir kjent med kvarandre og til mi store overrasking vart me forelska. Eg hadde ingen planar om å finna meg ein bonde eller å bu på gard. Garden eg kjem frå hadde heldigvis bror min veldig lyst til å driva.



Men kjærleiken spør ikkje etter yrker. I august 1994 vart Magne og eg i lag. 1. juni 1996 gifta me oss i Vangskyrkja. Eg var krunebrur



og me hadde spelemenn og køyrde til kyrkja i vogn. Refleks TenSing var med å song i vigsla og festen hadde me på Helgatun.

Heime på Skjeldal bygde me nytt hus og vart etter kvart fleire. I 1998 fekk me Kristian som no er skiløpar og utdanna snekker. Guro kom i 2000. Ho studerer i Bergen og vil bli idrettslærer. I 2003 fekk me Håvard som no er kokkelærling i Vågå.

Korleis har dei 30 åra med konfirmantar vore?

Nok av det beste med jobben min synes eg er alle ungdomane eg får vera i lag med. Det har blitt nokre tusen konfirmantar gjennom desse åra. Nokre hugsar eg godt, nokre har blitt mine venner og kollegaer. Andre hadde heilt sikkert fortent at eg hugsar dei. Det gjev meg mykje å få vera i lag med ungdomane. Ikkje minst Refleks er viktig. Der får eg bli meir kjend med nokre av dei - meir enn det vert tid til i konfirmanttimane.

Og leirane: Dei er veldig kjekke. Der får me være i lag med konfirmantane på ein anna måte enn i korte konfirmantsamlingar. Og alle dei dyktige ungdomsleiarane me har med på oss på leir. Dei er så gode til å skapa godt miljø og engasjere konfirmantane.

Kva har vore dei største utfordringane desse åra på Voss?

Utfordringar finst det nok i alle deler av livet. Kanskje ein av dei største har vore og er å finne tid til alle oppgåvene me anten er pålagt å gjere eller har veldig lyst til å gjere. Trusopplæringsreforma med alle sine tiltak frå 0-18 år i seks sokn kan vere ei nøtt å få på plass.

Er det nokre spesielt gode minner du vil dele?

Det er i grunnen vanskelg å trekke fram spesielle minner frå jobben. Det er så mange gode opplevingar.

Har nokon menneske spesielt sett spor i deg?

Mange menneske har sett spor etter seg i livet mitt. Veldig mange av dei eg har møtt har lært meg nye ting om det å vere menneske og om meg sjølv. Eg synes det

vanskeleg å nemne nokon spesielle, eg er redd lista kan bli alt for lang og at eg kjem til å gløyme nokon.

Kva er ein kateket, og kva har vore di viktigaste oppgåve, syns du?

Kateket er tittelen til den som har undervisningsansvar i kyrkjelyden. Den viktigaste oppgåva mi trur eg er konfirmant- og ungdomsarbeidet. Men å vera med på T-dagar, julevandringar med barnehagane og skulegudstenester er også veldig kjekt. Eg synes kanskje det er vanskeleg å seie at noko er viktigare enn andre ting. Rett og slett fordi eg likar jobben min så veldig godt.

Korleis er det å jobbe i kyrkja og få treffe så mange ulike mennesker i så mange ulike livssituasjonar?

For meg har det å jobbe i kyrkja vore det rette. Å få fortelje om noko av det som står i bibelen, å få vera med å vise born og unge korleis me kan ha kontakt med Gud. Dette er noko av det viktigaste for meg.

Vil du sei noko om trua di?

Trua på Gud har alltid vore ein del av livet mitt. Ein del som har vokst seg tryggare med åra. Som av og til får seg ein trøkk, men som kanskje vert sterkare etterpå.

Eit vers i Bibelen har følgt meg i mange år. Det står i Jeremia 29,11:

"For eg veit kva tankar eg har med dykk sier Herren, fredstankar og ikkje ulukkestanke. Eg vil gje dykk framtid og håp."

Dette verset har ofte dukka opp når eg ikkje heilt veit kor vegen går vidare i livet. Det har gjort meg trygg på at Gud veit vegen og har ein plan. Så får eg vite det når eg treng å få vite det.

Kva trur du om vegen vidare?

Eg har ikkje tenkt meg nokon annan stad enn Voss. Her vil eg gjerne fortsetje å bu og jobbe. Eg ser fram til bli kjend med nye konfirmantar og andre fine folk. Eg er så glad for å få høyre til her.

Fred på jord

Av prost Arild Hellesøy

Fred på jord. Dette er byrjinga på tredje verset av "Glade Jol". (Sal47). Det er som ein atterklang av englesongen på Betlehemsmarka: "Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!" Englane hadde nett fortald gjetarane om frelsaren som var fødd dei i Davids by. Med Han var fred komen til jord.

Det er ikkje første gong me høyrer bodskap om fred i Bibelen. Hjå profeten Jesaja les me: "Dei skal smi sverda om til plogskjer og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig". (Jes. 2,4) Det var langt frå røynda til Israelsfolket. Dei vart tekne til fange og førde til Babylon. Her kjem profeten Jeremia med trøyst frå Gud: "For eg veit kva tankar eg ha med dykk, fredstankar og ikkje ulukkestankar. Eg vil gje dykk framtid og håp". (Jer. 29,11).

Det er viktig med gode tankar, men utan at dei vert følgde av handling er dei ikkje så mykje verd. Gud har både vilje og makt til å setje sine tankar i verk. Det gir håp om ei betre famtid.

Dei som høyrde profeten Jeremia lengta heim att til Jerusalem og orda hans gav både trøyst og håp. Dei var i Guds tankar og det var fredstankar. Det gjekk 70 år, men det skjedde til slutt. Dei fekk koma heim att og byggja opp at det som var rive ned. Guds fredstankar vart sette i verk.

Guds fredstankar ligg også bak når han sender Son sin til verda. Det er fredstankar for alle menneske. Me syng i "Kim alle klokker" (Sal. 49): "Fred kom til jord, himmelens fred med Guds Ord." Når Ord vert skreive med stor "O" så er det Jesus Kristus det er meint. (Joh. ev. 1,1). Guds fredstankar vart sette i verk.

Me lever i ei uroleg verd. Mange menneske opplever alt anna enn fred. Flyktningar kjem til landet vårt. Dei er skilde frå sine nære og kjære. Kan hende heimane deira ligg i ruiner. Korleis er det for dei å feira jul og syngja om fred på jorda?

Kan hende bodskapen om fred er viktigast for dei. Guds fredstankar og barnet som vart fødd gir håp om ei framtid der dei er gjenforente med sine kjære, og får feira jul i lag i fred.

"Å du heilage, nådebærande julefest med Guds fred på ny!" (Sal. 42) I vår julefest får me ta imot Sonen han gav oss. Han vert kalla Fredsfyrste (Jes 9,6) og Han gir oss fred i våre hjarte.

Med fred i hjartet lengtar me etter fred mellom alle menneske. Ofte kjenner me oss makteslause, men me ber til Gud som har fredstankar med oss.

Ha ei velsigna julehøgtid!



Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

Endeleg eit år der trusopplæringa i sokna våre gått tilnærma normalt. Etter ei lang periode med avlysingar, alternative opplegg og store endringar er me no tilbake til T-dagane slik dei skal vere. Likevel har pandemien gitt oss erfaringar og aha-opplevingar som har gjort at nokre av tiltaka våre har endra litt form. Tema for T-dagane er dei same. Her er eit utval av T-dagane som har vore i Voss i 2022!



T10

T10 -Kristuskransen i Vangskyrkja



T10

T10 -Kristuskransen i Vinje kyrkje



T10

T11

T10/T11 -Kristuskransen i Granvin kyrkje

T8/T9 -Tårnagentar i Evanger kyrkje



T8

T9

T8

T8 -Tårnagentar i Oppheim kyrkje



T8

T8 -Tårnagentar i Vangskyrkja

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



T7

T7 -Påskevandring i Granvin kyrkje



T7

T7 -Påskevandring i Bolstadøyri bedehus



T7

T7 -Påskevandring i Oppheim kyrkje



T7

T7 - Påskevandring i Vangskyrkja



T9

T9 - På sporet av Heilag Olav på Vangen



T8

T9

T9 -På sporet av Heilag Olav i Granvin

T6



T6 -Heilt førsteklases på Vinje

T6



T6 -Heilt førsteklases i Granvin

T6



T6 -Heilt førsteklases på Vangen

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



T9



T9 -Pilegrimsvandring
frå Oppheim til Vinje



T3

T3 Undretur i
Oppheim kyrkje



T11

T11 -Lys vaken i
Vangskyrkja



T12

T13



T12/13 -Movienight i
Vonheim

T4



T4 - Utdeling av
barnebibel i Oppheim kyrkje



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



T14 -Førebuing til konfirmasjon i Vangskyrkja



T3 -Undretur i Vangskyrkja



T2 -Krølletreff i Vonheim



T1 -Babysong i Vangskyrkja



T1 -Babysong i Kyrkjestova på Oppheim



T5 - Jolekrubbe-verkstad i Vinje kyrkje

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



BARNAS

Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø




Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!



Finn fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Asbjørn Tønnesen



Joleevangeliet



I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin,

den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælände redde. Men engelen sa til dei: "Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren.



Og det skal de ha til teikn:
De skal finna eit barn som er
sveipt og ligg i ei krubbe." Brått
var det ein stor himmelhær
saman med engelen; dei lova
Gud og kvad:

*"Ære vere Gud i det
høgste, og fred på jorda
blant menneske som Gud
har hugnad i!"*

Då englane hadde fare frå
dei og attende til himmelen,
sa gjætarane til kvarandre:
"Lat oss gå inn til Betlehem

og sjå dette som har hendt,
og som Herren har kunngjort
oss." Så skunda dei seg dit og
fann Maria og Josef og det
vesle barnet som låg i krubba.
Då dei fekk sjå det, fortalde
dei alt som hadde vorte sagt
dei om dette barnet. Alle som
hørde på, undra seg over
det gjætarane fortalde. Men
Maria gøymde alt dette i
hjarta sitt og grunda på det.
Og gjætarane vende attende,
medan dei lova og prisa Gud
for det dei hadde høyrte og
sett; alt var så som det hadde
vorte sagt dei.

Lukas 2, 1-20



Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er diformisiste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus. Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: - Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: - Du må seia noko! Tunström svarte: - Kva skal eg seia? Vennen sa: - Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.



Foto: Bjørgvin bispedømekontor

Då datt det ut av Tunström: - Skal eg seia noko om Jesus? - Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: - Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug



Den farefulle ferda

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

Det er snart jol, og rundt omkring i verda feirar ein høgtida på ulike måtar og litt ulike tider. I Etiopia er 1. joledag 7. januar, då dei er 13 dagar etter oss med sin kalender, den julianske.

Det er mykje uro i landet, mange er på flukt og alle får difor ikkje feira ei fredeleg jol.

Som 20 åring såg ikkje Hana nokon anna utveg enn å avslutta utdanninga på universitetet.

Ho måtta jobba. Familien trong pengar. Hana kjende fleire som hadde reist til Saudi-Arabia for å finna arbeid. Mange reiste som irregulære flyktingar med forfalska papir. Hana lånte pengar til reisa med lovnad om å betala attende så fort ho byrja tena pengar.

Ho fekk hjelp av ein mann til å ordna med reisa. Han skulle ha halvparten av pengane før reisa og resten når dei kom fram til Mekka. Reisa vart krevjande. Først måtte dei gå gjennom ørkenen i sterk varme. Dei vart slitne, tyrste og svoltne.

Hana vart tilsett som hushjelp og måtte jobba 20 timar i strekk. Ho holdt ut i tre år før ho til slutt kom seg attende til heimlandet utan pengar. Det ho hadde sendt heim var brukt opp og ho skulda pengar til mange. I



Foto: NMS

sju år reiste ho fram og attende til Saudi Arabia, men med same resultat. Ho fekk også skulda for små ting og kom i fengsel i åtte år. Heldigvis fekk Etiopiske myndigheiter sett ho fri. Framleis var ho uten pengar. Ho kjende på skam og hadde skuldkjensle. Mange, med Hana, har fått fysiske og psykiske skader som det tar lang til å lekja.

Det er her prosjektet SIM (Safe From Irregular Migrasjon) kjem til hjelp. Dei fokuserer på moderne slaveri, traumeterapi og haldningsskapande arbeid i samarbeid med Mekane Yesus kyrkja. Kyrkje- og samfunnleiarar vert kursa avdi dei er ei gruppe som folk lyttar til. Returnmigrantane får startkapital og vegleiiing til å starta eigne små føretak som kafeear og frisørsalongar. Hana fekk opplæring i skreddasaum og sel no eigenprodusete klær på marknaden.

Be om løysing på uroa i Etiopia og hjelp til dei mange som er trengande.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia. Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.

Like aktuell julegåve i år: Flott jubileumsbok frå Vossestrand



Tekst: John Ove Thaule

Tett før jol i fjor kom boka for 150-årsjubilet for Oppheim og Vinje kyrkjer:

“VOSSESTRAND I HELG OG KVARDAG.
Ei biletbok om kyrkjene og bygda dei siste 50 åra.”

Diverre vart både Strandamessa i Sambygg og jolekonserten i Vinje kyrkje avlyst i samband med corona-pandemien, to viktige stader for salet av den lokalhistoriske biletboka.

Men i år vert det både Strandamessa og jolekonsert. Dessutan er boka til sals i kyrkjene, i nærbutikkane på Strondè og hjå bokhandlarane på Voss.


På 216 sider er det over 250 bilete frå eit aktivt kyrkjelydsarbeid dei siste 50 åra, som ei oppfylgning av den gamle jubileumsboka då kyrkjene fylde 100 år i 1971.

Her er det mange som vil kjenna igjen seg sjølv eller nokon av sine nære. For eitt av hovudkapitla handlar om kyrkjelydsarbeid gjennom gudstenester inne og ute, omfattande trusopplæring med borna, konfirmantarbeid og turar både i natur og med buss.

Her er fylldig dekning av viktige lokale hendingar dei siste 50år, som 150-årsjubileet for Per Sivle, 1000-årsmarkeringa for kristninga av Noreg, 100- og 125-årsfeiringar for kyrkjene, nytt kapell i Jordalen og framveksten av Helgaton, med mykje meir.

I kapittelet «Bli med på ei vandring gjennom bygga» får ein vera med rundt i alle rom, vert kjent med interiør og symbola ting står for. Her er mykje interessant å læra og gjev endå større for glede og takksemnd for dei fine kyrkjene me har.

Utgjevar: Oppheim og Vinje sokneråd



Fredagsklubben på Oppheim

Me ynskjer å starte opp att Fredagsklubben på Oppheim!

Fredagsklubben var ein trygg og god, og ikkje minst godt innarbeidd, ungdomsklubb frå 4. - 10.klasse som haldt til i Kyrkjestova på Oppheim. På det meste var der 60 ungdommar samla frå kl. 18.00 - 22.00, fordelt på to aldersgrupper.

Ein ser at unge treng fleire møtestader utanfor skuletid, med trygge vaksne rundt seg. Fredagsklubben skal vere eit trygt, kristent og rusfritt tilbud der ungdom vert sett og høyrd som

den dei er. Her er det plass til alle! Her vert det blant anna ulike inne aktivitetar, åresal/bingo, felles måltid og andakt.

Tilbodet er gratis.

Vegen vert litt til undervegs, og me vert veldig glade om nokon har lyst å vere med. Tenk over det, me treng deg.

For meir informasjon, ta kontakt med diakonimedarbeidar Anja Slåtten. Mobil 417 04 958 eller mail as257@kyrkja.no

Open kyrkje i Vangskyrkja

Vangskyrkja er open kvar måndag frå kl. 18:00-19:00. Tidebøn kl. 18:00.

Ein plass å møte andre, søkje stillheit, be eller tenne eit lys. Du er hjarteleg velkommen.



Vossestrand barne- og ungdomskor starta oppatt øvingar i september. 22 born og unge har vore innom på øvingane i Vinje kyrkje. Nytt av året er at dei eldste får litt ekstra tid med eiga øving etter at dei yngste er ferdige. Koret song på familiegudsteneste i september. Og i desember har dei nye oppdrag både i Myrkdalen Fjellandsby og på "Me syng jola inn" 4.des i Vinje kyrkje.

Tekst og foto: Ellen Marie Selland Geithung

Konfirmantar 2022



Evanger kyrkje

Torsdag 26. mai kl 11:00

Andrea Nordbø Gjetle
Andreas Andersen-Hagen
Anna Vevle Hjørnevik
Askil Waring Styve
Ingvard Ulvund Singstad
Nikolai Waring Styve
Tevje Steine Kolle
Tuva Hansson Eide

Julie Søvik Øyeflaten

Klas Rio

Lars Olavson Klette

Marius Moe Bjørke

Martin Gjeraker Haug

Olve Ullestad

Sigrid Hjørnevik Berge

Sverre Berge Grindedal

Viktoria Madelene Vindegg Slettemark

Øyvind Flatby Kløve

Granvin kyrkje

Sundag 8. mai kl 11:00

Adrian Ystanes Djønne
Martin Eitrheim
Johanna Tjoflot Hausnes
Sander Beggevik Møster
Lene Steinsland Pedersen
Helene Kjerland Saue
Lars Harald Røynstrand Slettemark
Alexander Gunnlaugsson Soldal
Andreas Fredriksen Solvi

Laurdag 7. mai kl. 12:00

Eivind Hjeltnes Rygg

Ella Tranøy

Emma Herre Nedkvitne

Eskil Bergstrøm Arnesen

Ida Aldal

Isak Helgaset

Johannes Steffensen Olsnes

Julie Klette

Lydia Sandvik

Oda Flotve

Per Mundal Kvesstad

Sanna Flage Norheim

Sigrid Nestås Kvarme

Sofie Stalheim Hildestveit

Stina Flotve

Styrk Himle Istad

Synnøve Fjose Stokken

Viljar Døssland

Raundalskyrkja

Laurdag 14. mai kl. 11:00

Lars Christian Nordahl Slettemark
Patrick Schei Berntsen

Sundag 8. mai kl. 10:00

Benjamin Gjerme

Emil Brattebø

Gard Helgaset

Isak Dahle Hegl

Johan Berge Børsheim

Lars Graue

Leah Kvam Hisdal

Lenea Øyeflaten Johnstad

Lisa Trosvik

Magnus Kleppe

Vangskyrkja

Laurdag 7. mai kl. 10:00

Amalie Petterson Sandvik
Christoffer Aalvik Kaldestad
Halldor Rio
Hans Kristian Reime Flatabø
Inger Marie Sekse
Ingrid Håheim
Johannes Apelthun





Maria Hope Døssland
Marielle Cecilia Lutro-Christensen
Mikal Bystøl
Oline Aadnekvam Mykkeltveit
Sunniva Stenrud Brandseth
Teodor Flisram-Bakketun
Tobias Gjeraldstveit Mørkve
Tor Ivar Rode Nygård

Sundag 8. mai kl. 12:00

Ane Sofie Galaaen Røthe
Anna Fareth Aas
Annemarta Aldal Haug
Bendik Vaksdal Låstad
Endre Aldal Haug
Helene Serigstad Fenne
Isak Hesjedal
Johanna Ama Gjøstein
Jonas Selje Flisram
Kjetil Hole
Lars Andreas Phontema Norekvål
Martin Sandvik Helland
Mina Therese Mæland
Nathalie Kalleklev Carlsen
Olve Hovland
Tuva Helland

Sundag 15. mai kl. 10:00

Bjørn Ruben Ringheim Eliassen
Eleanora Wickramanayake
Emilia Sleen Gullbrå
Fredrik Simpson Fleischer
Heidi Koppen Vike
Henrik Aleksander Jersin
Ine-Linnea Grevle Moe
Ingvild Velsvik Sønnesyn
Jonas Brekklus Møn
Jonas Nesheim
Lauritz Kettermann
Ruben Amir Bøe Kharazmi
Sara Sævig
Signe Berge Vangsnes

Viljar Kvåle-Reigstad

Sundag 15. mai kl. 12:00

Ask Erling Waage
Caroline Afdal Vik
Emil André Gullbekkhei
Emma Sofie Gullbekkhei
Guro Rong
Håvard Vestrheim Helland
Jori Svoren Dregelid
Karen Lillegraven Haugo
Kristin Grace Pilar Mateo
Maria Ringheim Ohnstad
Markus Aas Bergstrøm
Odin Eikefjord Kvåle
Ola Blikberg Herheim
Selma Jensen Kleppe
Sigurd Haug
Tobias Fossåskaret Nordpoll
Ura Gjeraker Grøv
Viktor Salmutter Karlstrøm

Vinje kyrkje

Laurdag 28. mai kl 11:00

Alexander Rødne Vaksdal
Anders Dagestad
Halstein Ure
Hedda Mørkve
Hermann Lillethun
Håkon Selland Geithung
Ingvild Arnetveit
Jermund Ure Totland
Josefine Reed
Sigrid Sundve
Sigrid Anan Atterås
Silje Midttun
Sivo Sammalkivi
Stein Kjetil Ure Opheimsvangen
Vegar Gudbrandstuen





Evanger kyrkje
26.05 kl 11:00



Granvin kyrkje
08.05 kl 11:00



Raundalskyrkja
14.05 kl 11:00

Vangskyrkja
07.05 kl 10:00



Vangskyrkja
07.05 kl 12:00



Vangskyrkja
08.05 kl 10:00





Vangskyrkja
08.05 kl 12:00



Vangskyrkja
15.05 kl 10:00



Vangskyrkja
15.05 kl 12:00

Vinje kyrkje
28.05 kl 11:00



Sundag 4. desember kl 16, i Vinje kyrkje:

"Me syng jola inn"

Med tradisjonsrike jolesongar, salmar og musikk skal me prøva å laga ei god førjolsstund i kyrkja. Lokale musikarar, songarar og 3 kor vil ta del.

Joleevangeliet og ein kort andakt vil og verta framført.

Hjarteleg velkomne til kvar og ein.

Lyst til å vere med i ei bibelgruppe?



Om du ønsker å vera med i ei bibelgruppe, eller kjenner nokon som du trur kan ha glede av det, så er du hjarteleg velkommen til å ta kontakt med oss for meir informasjon.

Kontaktinfo:

Anja Kristin Slåtten, diakonimedarbeidar:
as257@kyrkja.no og tlf. 41 70 49 58

Hans-Christian Küspert, sokneprest på
Voss: hk782@kyrkja.no og tlf. 95 45 05 72

Alt innan sport og fritid



S. Endeve Sport

Butikkar i Vangsgata 47, Vangsgata 40 og Uttrågata 21
Tlf. 56 51 11 19
endeve@endeve.no - www.endeve.no



Velkomen til oss i Vangsgata for ein hyggjeleg handel.
Ynskjer alle ei god jol og godt nyttår.

Blomeshjørna

Ring oss Tlf. 56511285
E-post: blomeshjørna.voss@interflora.no



Interflora



Me ynskjer alle ei god jol og eit godt nyttår!



VOSS SPAREBANK

www.vossabanken.no

Din lokale el-installatør



elfag



Mølster Installasjon AS

www.molster.no Tlf: 56 52 96 00

VI ER HER.
ALLTID.



KIRKENS SOS

22 40 00 40



Vekselbanken

- ein god medspelar -

Telefon 56 52 35 00
www.vekselbanken.no



Me ynskjer alle ei god og fredeleg jolehelg!

Hausttakkefest



Tekst og foto:
Anny Forthun



Det var ei fin stund i Bolstadøyri bedehus søndag 23.oktober då me hadde hausttakkefest/ familiegudstjeneste med bønevandring. Kyrkjekaffi nede i matsalen til fint dekkja bord, og mange gode kaker.

Mange små og store var samla denne dagen. Vårens konfirmantar var gode medhjelparar.

Arrangementet var eit samarbeid mellom Bedehusstyret, Kvinne- og familielaget, Kvinneforeninga og Soknerådet.

Èin stor takk til alle som kom, og alle medhjelparane, for at det vart èin koseleg og vellukka dag.

Illustrasjonsfoto



En jul å

glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til **13130**
Gi på konto **3201 52 74165**

 **Blå Kors**

Lokal kraft er eit godt val!

I dag kan du velja å kjøpa straumen frå ei lang rekkje selskap. Berre eitt av dei bidreg lokalt – til lag, organisasjonar og kommunale tenester!

 **Voss Energi**

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Granvin sokn:

23.10 Ida Jørdre

Oppheim sokn:

30.10 Andreas Hauge

Raundalen sokn:

02.10 Knut Hirth Opkvitne

Vinje sokn:

02.10 Mathilde Christine Fossdal

Voss sokn:

25.09 Sigrid Tillung Eikenes

25.09 Nils Kvarme Løne

25.09 Halvar Engvold Nåsen

25.09 Victoria Engvold Ragnvaldsen

09.10 Malin Joanesarson

14.10 Daniella Irene Lekve Yttergård

16.10 Hailey Harila

16.10 Sofie Bjørgum

16.10 Nora Almeland

23.10 Caroline Rode

23.10 Eskil Repål

23.10 Vinjar Slåtten Ydalus



DØDE

Evanger og Bolstad sokn:

21.10 Magnhild Steine, f. 1942

Granvin sokn:

02.10 Jonny Himle, f. 1969

14.10 Olav Brekke, f. 1938

Voss sokn:

25.09 Leif Johannessen, f. 1960

29.09 Anders Jørdre, f. 1942

03.10 Torstein Gunnarson, f. 1938

07.10 Gunnar Karlsen, f. 1940

10.10 Gunvor Prestegård, f. 1931

15.10 Magne Lekve, f. 1931

18.10 Solveig Småbrekke, f. 1929

18.10 Astrid Lid, f. 1935

19.10 Gjørgine Rokne, f. 1937

20.10 Oddrun Kløve, f. 1960

24.10 Hallvard Selheim, f. 1944

01.11 Kirsti Midtbø, f. 1933

05.11 Jorunn Arnlaug Repål, f. 1932

07.11 Gerd Amalie Rogne, f. 1943

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- 1. Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- 2. Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- 3. Dåpsamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- 4. Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- 5. Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.



Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida **www.voss.kyrkja.no/dåp**

Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

24.12 kl 14:00 Jolaftangudsteneste.
08.01 kl 11:00 Juletefest-gudsteneste.

Evanger kyrkje:

03.12 kl 16:00 Adventssamling på Brekkhus (vær merksam på stad).
24.12 kl 16:00 Jolaftangudsteneste.
29.01 kl 17:00 Gudsteneste.

Granvin kyrkje:

04.12 kl 18:00 Ljosmesse med konfirmantane.
11.12 kl 14:00 Gudsteneste med nattverd.
24.12 kl 15:30 Jolaftangudsteneste.
26.12 kl 11:00 Høgtidsgudsteneste.
15.01 kl 11:00 Gudsteneste.
29.01 kl 14:00 Gudsteneste.

Oppheim kyrkje:

24.12 kl 12:00 Jolaftangudsteneste på Vossestrand omsorgstun.
24.12 kl 13:30 Jolaftangudsteneste.
25.12 kl 11:00 Joledagsgudsteneste
15.01 kl 11:00 Gudsteneste.

Raundalskyrkja:

25.12 kl 12:00 Joledagsgudsteneste.
22.01 kl 11:00 Gudsteneste.

Vangskyrkja:

02.12 kl 18.00 Vangskyrkja .
Ljosmesse - ei kveldsgudsteneste med konfirmantane.
Me syng jola inn - Mykje allsong. MiniMidiSing deltek.
11.12 kl 17.00 Me syng jola inn - Mykje allsong.
11.12 kl 19.00 Me syng jola inn - Mykje allsong.
18.12 kl 11.00 Forbøns-gudsteneste.
24.12 kl 14.00 Nattverd.
24.12 kl 15.00 Jolaftan.
24.12 kl 16.00 Familiegudsteneste.
25.12 kl 12.00 Jolaftan.
26.12 kl 11.00 1. joledag.
31.12 kl 23.00 Høgtidsgudsteneste. Dåp.
01.01 kl 12.00 2. joledag - Stefanusdagen.
08.01 kl 11.00 Midnattsmesse. Nattverd.
15.01 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd.
22.01 kl 11.00 Gudsteneste med dåp.
29.01 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd.

Vinje kyrkje:

04.12 kl 16:00 Me syng jola inn.
11.12 kl 11:00 Vossestrand barne- og ungdomskor deltek.
24.12 kl 15:00 Jordalen (vær merksam på stad). Gudsteneste.
08.01 kl 11:00 Jolaftangudsteneste.
29.01 kl 11:00 Gudsteneste.
Gudstjeneste.

Vær merksam på at det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste! Følg med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår: voss.kyrkja.no.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Aktivitetsskalender

Seniortreff i Vonheim:

10. januar kl 12-14

Meir info i Avisa Hordaland når det nærmar seg.

Misjon og Mosjon:

18. januar.

Meir info i Avisa Hordaland når det nærmar seg.

Mitt hjerte alltid vanker

av Hans Adolph Brorson

Mitt hjerte alltid vanker
I Jesu føderom
Der samles mine tanker
Som i sin hovedsum
Der er min lengsel hjemme
Der har min tro sin skatt
Jeg kan deg aldri glemme
Velsignet julenatt

Akk kom jeg opp vil lukke
Mitt hjerte og mitt sinn
Da full av lengsel sukke
Kom Jesus dog her inn
Det er ei fremmed bolig
Du har den selv jo kjøpt
Så skal du blive trolig
Her i mitt hjerte svøpt

Jeg gjerne palmegrene
Vil for din krybbe strø
For deg for deg alene
Jeg leve vil og dø
Kom la min sjel dog finne
Sin rette gledes stund
At du er født her inne
I hjertets dype grunn

